



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1335 - 16/23420

Saksbehandlar:

Kristin Nåmdal

kristin.namdal@meland.kommune.no

Dato:

12.12.2016

## Partnerskap i kommune og tettstadplanlegging i Hordaland- Rapportering på bruk av midlar

### Bakrunn for prosjektet

Frekhaug senter ligg i Meland kommune i Nordhordland, om lag ti minutt køyring frå regionsenteret Knarvik i Lindås kommune. Frekhaug vert også rekna som pendlaromland til Bergen kommune og har ei køyretid på 25-30 min. til Bergen sentrum.

Meland kommune har gjennomgått ein lang prosess over fleire år hatt fokus på Frekhaug senter si utvikling, behov for oppgradering og betre trafikk- og parkeringsløyningar. I løpet av prosessen har kommunen blant anna fått utarbeida ei stadanalyse i 2009. I juni 2010 vedtok Meland kommunestyre å følgja opp arbeidet ved å setja i gang ei områderegulering for Frekhaug senter, og i 2010-2011 vart det utarbeida planprogram for området. Arbeidet med områdeplanen tok til i 2011. Områdeplanen var vedteke i juni 2014.

Sentrumsområdet på Frekhaug er i dag eit kompakt kommunesenter, der viktige funksjonar som forretningar, offentlege tenester og kollektivterminal ligg innanfor eit avgrensa område og rundt eit sentralt ope areal. Områdereguleringsplanen legg opp til at det skal etablerast gode utandørs møteplasser og gangsoner. Til det trengst det ein utanomhusplan som grunnlag for utforming av asfaltplassane. Meland kommune søkte om tilskudd frå Hordaland fylkeskommune til å utarbeide ein utanomhusplan.

### Mål

Målet med prosjektet er å etablere ein utanomhusplan for sentrum som eit reiskap for å «Vidareutvikla og styrka Frekhaug sin identitet som attraktiv tettstad, og som kommunesenter.

Det skal lagast ein utanomhusplan for Frekhaug sentrum som viser møblering, grønne kvalitetar, lyssetting og strukturar, og skissere overordna løyningar for å knytte Frekhaug torg mot aksene ned mot Frekhaug kai.

### Oppnådd resultat

Meland kommune har utarbeida ein utanomhusplan som vil vere med å gjere Frekhaugsenter meir attraktivt. Planen har fleire løysingar, både midlertidige innstallasjonar, framlegg til delt bruk av parkering/torg og meir permanente løysingar med scene og beplantning. Utomhusplanen syner prinsipp for lyssetjing, leikeareal, beplantning og møblering.

---

#### Postadresse


postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)




Illustrasjon over prinsipp for lyssetting



**VEGETASJON STRATEGI**  
 1. Forsterke aksen fra skogen inn mot torget. 2. Beplanting langs husveggene med stedspecifikk natur. 3. Erstatte gressplaner med lynghei og utmarksplanter. 4. Sykkel- og gangsti i aksen fra fjorden opp mot skolen

Illustrasjon over beplantingstrategi



Illustrasjon over løysingar på Frekhaug torg

### **Vurdering mot oppsette mål**

Slik vi vurderer det vil planen vere eit godt utgangspunkt for å skape ei meir attraktiv sentrumskjerne i Frekhaug. Planen skal syne ei fasedelt opparbeiding for trinnvis gjennomføring.

### **Oppsummering av prosjektarbeidet**

Organisering av arbeidet:

Vi hadde ei god administrativ forankring av prosjektet med ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe med deltakarar frå kultur, næring og plan.

Medverknad:

Ungdomsrådet var med i eit møte og kom med innspel undervegs i arbeidet.

Planen har vore presentert i arbeidslag plan der alle avdelingane i kommunen er representert.

Politisk forankring: Planen har vore presentert i formannskapet 30.11.16

### **Utfordringar i planprosessen**

Utfordringa var kort frist mellom tildeling av tilskudd og rapportering på bruk av pengar. Arbeidet med planen var konsentrert frå september til november 2016. Dette gjorde planarbeidet vart hektisk og det var kort frist for å involvere eksterne i arbeidet. Dialog undervegs i prosessen til eksterne brukere, særleg sentrumforeningen kunne ha vore betre. Ordføraren har nå invitert til eit møte med næringslivet for å drøfte planutkastet.

### **Eventuell vidareføring av prosjektet**

Meland kommune har i prosessen vore medviten på å lage ein realiserbar plan, som kan trinnvis gjennomførast. Planen har framlegg til ulike grep for å gjere sentrum meir attraktiv, med møteplasser for barn og unge, beplantning lyssetting. Medvirking og felles løysningar er ein viktig del av realiseringen. Vi arbeider nå tverrfagleg for å vurdere kva tiltak vi kan realisere i felleskap. Det vil og bli søkt om eksterne midlar, til dømes tippemidlar til å gjennomføre ein del av prosjekta.

Kristin Nåmdal  
samfunnsplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Skjema for rapportering

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune

5020

BERGEN